SAMLA SAKSFRAMSTILLING
Tysnes kommune

Arkivsak : 20/705 -
Arkivkode: 245

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 91/20	FORMANNSKAPET	05.11.2020
PS 76/20	KOMMUNESTYRET	15.12.2020

NY SAMARBEIDSAVTALE - BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD

Vedlegg: FORSLAG TIL NY SAMARBEIDSAVTALE
FORSLAG TIL NY SAMARBEIDSAVTALE MELLOM DELTAGERKOMMUNEN OG BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD.PDF

SAKSUTGREIING:

Det vert vist til vedlagt saksdokumentasjon ofr nytt framlegg til samarbeidsavtale mellom BOF og deltakarkommunane.

I korte trekk så er trongen for endringar i vedtektene knytt til tilpassingar til ny kommunelov, i tillegg har det vore samanslåingar mellom deltakarkommunar slik at deltakarstrukturen må oppdaterast. Til slutt har dei nytta høve til å retta opp litt språk og inndelingsfeil.

Framlegg til ny samarbeidsavtale vart handsama i styremøte av 28. mai d.å. og er også handsama i ekstraordinært årsmøte. Forutan vedtak i desse organa stiller kommuneloven § 19-4 krav om at samarbeidsavtale skal vedtakast av den einskilde deltakarkommunen sitt kommunestyre. Målet er at endringa skal tre i kraft 1. januar 2021, for vår del vert saka handsama av kommunestyre i desember.

Rådmannen ser ikkje at saka har særskilte konsekvensar for vårt vidare arbeid i BOF og viser til vedlagt dokumentasjon for meir inngåande informasjon.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune gjev tilslutnad til ny samarbeidsavtale og at den trer i kraft frå og med 1. januar 2021. Det vert vidare stadfesta at kommunen vidare fører sin representasjon slik at valde representantar til årsmøte no vert å representera kommunen i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap (BOF).

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 05.11.2020:

I samsvar med innstilling.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 15.12.2020:

I samsvar med framlegg frå formannskapet.